

## Per spelmann

/: Per spelmann, han hadde ei einaste ku. :/  
/: Han bytte bort kua, fekk fela igjen. :/  
"Du gamle gode violin, du violin, du fela mi!"

/: Per spelmann, han spela, og fela ho lét, :/  
/: så gutane dansa, og jentene grét. :/  
"Du gamle gode violin, du violin, du fela mi!"

/: Og om eg vert gammal som stein under bru, :/  
/: så aldri eg byter bort fela for ku. :/  
"Du gamle gode violin, du violin, du fela mi!"

/: Og om eg vert gamal som mose på tre, :/  
/: så aldri eg byter bort fela for fé. :/  
"Du gamle gode violin, du violin, du fela mi!"

/: Og om eg vert gammal som skorpa på graut, :/  
/: så aldri eg byter bort fela for naut. :/  
"Du gamle gode violin, du violin, du fela mi!"

Norsk folkevise  
Norsk folketone  
Kjelde: *Norsk sangbok*, 1998